

UTDANNINGSSTRATEGI 2007-2010

HF skal utdanna godt kvalifiserte kandidatar, trygge på eigen kompetanse og kunnskap, som kan løyse oppgåver og bidra til utvikling på relevante samfunnsområde.

HF vil rekruttere gode og motiverte studentar og gje dei tilbod om ei forskingsbasert utdanning på høgt nivå, med høve til å utvikle evner til sjølvstendig arbeid og modning. Utdanninga skal gje øving i å gjennomføre prosjekt og oppgåver innan fastlagde rammer.

Gjennom utdanninga skal studentane lære å forhalde seg til kunnskap på ein vitskapeleg måte, og kunne reflektere kritisk over kva som kjenneteiknar god forskning.

HF vil leggje stor vekt på å skape gode læringsmiljø og gode læringsarenaer for studentane.

Utdanning og samfunnsrelevans

HF ønskjer å vere meir synlege og opne for det arbeidslivet studentarne våre møter etter endt utdanning. Dette vil vi gjere ved å:

- Setje i gang prosjektet "studiar nå og arbeid etterpå"
- Tilpasse studie- og emneplanar til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket. Dette inneber m.a å konkretisere punkt om læringsutbytte og formulere læringsmål for skriveundervisninga.

Forholdet mellom satsingar innan forskning og undervisning.

HF vil stimulere til utvikling av nye undervisningstilbod basert på forskingssamarbeid i dei nye institutta. Dette gjeld primært på emnenivå og i tilknytning til bachelor- og masteroppgåver.

Internasjonalisering

Internasjonalisering i relasjon til utdanning er eit viktig felt for fakultetet. Fakultetet vil arbeide for å:

- Auke talet på utvekslingsstudentar

- Utvikle fleire engelskspråklege undervisningstilbod
- Auke lærarutveksling

Utdanning i 1., 2. og 3. syklus

Fakultetet ønskjer gode utdanningstilbod i alle syklusar, og vi vil møte dei krava som vert stilte til oss ved å føreta gjennomgang, dimensjonering og konsolidering av det samla tilbodet vårt.

På lågare grad vil vi ha

- Eit førstesemesterstudium heng godt saman med det fagstudiet det skal førebu til og det utdanningsløpet det er ein del av.
- Eitt ope disiplinretta bachelorprogram: bachelor i humanistiske fag med spesialisering i (...)
- Nokre tilrettelagde program, der hovudprofilen er områdestudiar
- Nokre disiplinretta årsstudium.

På høgare grad vil vi

- Ha betre integrering av masterprosjekt i fagmiljøa, gjennom mellom anna å skape møtepunkt mellom masterstudentar og stipendiatar i ulike forskarskuletiltak
- Ha fokus på gjennomføring på normert tid, og innføre tidsavgrensing på masterprogram frå og med opptaket studieåret 07/08
- Vidareutvikle lærarutdanninga ved fakultetet
- Utvikle fellesgradar med andre institusjonar

I doktorgradsutdanninga skal

- alle kandidatar få tilbod om å vere med i ein forskarskule
- fakultetet utvikle/vidareutvikle tilbod innafor historie- og kulturfag, estetiske fag og språkfag, og innafor etikk.
- fakultetet vidareutvikle det generiske forskarutdanningstilbodet, med særleg vekt på skriving, etikk og formidling.

Etter- og vidareutdanning

Fakultetet vil vidareutvikle porteføljen av relevante etter- og vidareutdanningstilbod av høg kvalitet.

Kvalitetssikring

Kvalitetssikring er viktig for verksemda vår, og kvalitet i utdanninga på alle nivå er det overordna prinsippet for kvalitetssikringsarbeidet på utdanningssida. Fakultetet ønskjer:

- Ei gjennomgåande vurdering av samla programportefølje kvart 3 år.
- fokus på 3. syklus (ph.d)

Ressursar

Fakultetet har fokus på ressursforvaltning i forhold til definerte mål. Det inneber:

- Auka ressursar til eit mindre knippe tilrettelagde program
- Ressursfordeling knytt til gjennomføring på normert tid på masternivå
- Auka ressursar til tiltak for internasjonalisering